

Retningslinje for permisjon og studier på andre skular

1. Som student i permisjon betalar du ikkje studieavgift, og BAS kan ikkje føre deg opp som student ved skulen. Dette medfører at BAS også mister statstilskuddet for deg som blir utregna etter studenttallet.

Siden du ikkje er med og betalar til drifta av BAS og ikkje er student ved skulen, kan vi diverre ikkje yte noko teneste så lenge du er i permisjon.

Søknadsfrist for å søkje permisjon er 1.november for vårsemesteret, og 1. april for haustsemesteret.

Dersom ein ynskjer å forlengje permisjonen sin, må det gjerast innan dei same tidsfristane. Ein student som ikkje fornyar permisjonen sin på 2 år, mister automatisk studieplassen sin.

Ein må og stadfeste innan same tidsfristane dersom ein ynskjer å kome tilbake til studiet ved BAS. Ved for sein påmelding til studiet igjen, kan BAS ikkje garantere at det vil vere plass.

Det er svært viktig at BAS har oversyn over antal studentar ved fastlegging av studieplan for neste semester.

3. Oppbevaring av studentarbeid på BAS skjer på eige ansvar. Du bør ta med deg modellar og teikningar dersom du skal vere vekke frå skulen i lengre periodar. BAS har ikkje ansvar for materiale som vert øydelagt eller kjem vekk, verken når du er aktiv student eller når du er i permisjon. Ta kontakt med vaktmeister for evt. lagring på skulen.
4. Dersom du vurderar å reise utanlands for arbeide/ta praksis på eit arkitektkontor, ta kontakt med administrasjonen for meir informasjon om høve til å søkje Erasmus-stipend. Du vil då ha status som i permisjon sidan praksis ikkje er del av studieprogrammet ved BAS.
Dersom du reiser på utveksling, så er du aktiv student og betaler skulepengar til BAS.